HJELMELAND KOMMUNE

Natland Graveservice As
Jøsnesvegen 335
4146 SKIFTUN

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato:
	24/952 - 13	Ingunn Varanes-Meland Tlf.	22.08.2024

Vedtak om overtredelsesgebyr - 63/77, - Terrengarbeid

Vi viser til terrengarbeid på eigedom med gnr. 63 bnr. 77.

Vedtak om pålegging av gebyr for brot på pbl:
Hjelmeland kommune gjev Natland graveservice gebyr for brot på pbl på kr 10.000 for brot på §§ 20-2 og 11-6 for terrengarbeid utanfor område avsett til industri, utanfor område for gitt byggeløyve og over grense til naboeigedom. Vedtaket vert gjort med heimel i plan- og bygningslova § 32-8 første ledd bokstav a og SAK10 § 16-1 bokstav a.

Det vert sendt ut faktura for gebyret.

Bakgrunn/vurdering
Kommunen sende 02.07.24 varsel om overtredelsesgebyr på bakgrunn av at det hadde føregått anleggsarbeid utanfor plangrensa, altså på område som er avsett til LNF i kommuneplanen. Dette området er også utanfor det arealet som gitt byggeløyve knyt seg til, og på anna eigar.

Natland har svart på varselet. Dei forklarar at arbeidet knyt seg til reinsking av jord og kratt for plassering av 2 conteinerar, og at dei hadde fått opplyst at det var ein munntleg avtale om plasseringa. Overtredelsen vart retta opp i så snart dei vart gjort merksam på den.

Ut frå dei opplysningane kommunen stemmer det at arealet og omfang av arbeid utanfor plangrensa var lite, og Natland gjorde tiltak så snart dette vart kjend.

Vedtaket vert gjort med heimel i SAK10 § 16-2 1. ledd bokstav a) nr 2. Det vart varsla om vedtak etter fleire heimlar, men kommunen kan berre ilegge eit gebyr og finn at denne bestemmelsen er mest dekkande for dette tilfellet. Det kan i utgangspunktet ileggast gebyr på inntil kr 50.000. Samtidig har kommunen anledning til å ilegge høgare gebyr for særlig alvorlege overtredelsar, jf. SAK10 § 16-1 3. ledd.

Overtredelsen er liten i omfang, og Natland har vore snar med å rette feila som er gjort. Kommunen finn likevel grunn til å ilegge gebyr ettersom det dreiar seg om tiltak utanfor planområde og utanfor eigen eigedom. Gebyret vert ut frå dette satt til kr 10.000.

Lovgrunnlaget
Etter pbl § 32-8 fyrste ledd kan gebyr for brot på pbl berre bli pålagt om brotet er «gjort med forsett eller utan aktsemd». Med dette meiner ein at den ansvarlege må ha visst eller burde ha visst at handlinga var ulovleg. Det følger av Ot. prp. nr. 45 (2007-2008) s. 355 at «aktsomhetsnormen bør være streng. Det vil normalt være lett å konstatere om en av bestemmelsene i loven eller forskriften er overtrådt. Utførelse av tiltak i strid med reglene i plan- og bygningsloven vil som oftest kunne konstateres å være uaktsom uten en vanskelig vurdering av skyldspørsmålet.»

Andre opplysningar
Vedtak om ilegging av overtredelsesgebyr kan påklagast etter reglane i forvaltningslova kapittel VI. Vi orienterter om at endeleg vedtak om gebyr for brot på pbl er grunnlag for utlegg etter pbl § 32-8 siste ledd.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ber vi deg vise til «Arkivsaksnummer 24/952», eventuelt gnr. 63 bnr. 77.

Med vennleg helsing

Ingunn Varanes-Meland
Saksbehandlar byggesak og arealplan

Dokumentet er elektronisk godkjend utan signatur, dette i samsvar med interne rutinar.